Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 — Fylke: S. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Skaun herad

Emne: Lyngning og mosing — Bygdelag: Skaun

Oppskr. av: Erik By — Gard: By (vestre)

(adresse): Svorkmo p.o. — G.nr. 55 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Lyngning.

Ein veit ikkje av, at det har vore bruka lyng til fôr i Skaun herad.

II. Mosing.

Det er likeens med mose og det.

Sidan ein no er inne på slike hjelpefôr eller naudfôr, skal ein få nemna at det i Skaun — i gamal tid — var bruka bar som fôr og da helst furubar som delvis vart hakka og delvis gjeve heilt.

Furubar var helst for å vera bra fôr. — Likeens brukte dei skav, det vil seie, dei skava av borken av osp og rogne og blanda det med hakkels. Rognskave var helst for å vera det beste, og hadde serleg evne til å gjera mjølka feitare.

Skav ha vore brukt no sist og det som t.d. i 1944 — som var ein ovanleg sein og kald vår med mykje snø, og da vart skav brukt av fleire gardbr. i Skaun.

2373